



Møteprotokoll

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Stad:	Fjell rådhus, kultursalen
Dato:	09.10.2019
Tid:	09:00 - 10:30

Medlemer som møtte:

Marianne Sandahl Bjorøy	Leiar	AP
Børge Haugetun	Nestleiar	TVØ
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harkestad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

Forfall:

May Elin Limevåg	MEDL	FRP
Nils Kåre Skoge	MEDL	H
Ernst Morten Einarsen	MEDL	H
Svein Petter Bergh	MEDL	SL
Olav Kobbeltveit	MEDL	V
Kjell Arve Vorland	MEDL	SP

Varamedlemer som møtte:

Helena Morland Hansen	for Ernst Morten Einarsen	H
Elna Nybakk	for Svein Petter Bergh	SL
Brith Ediassen	for Olav Kobbeltveit	V
Elizabeth Toft Erichsen	for May Elin Limevåg	V
Svein Otto Jacobsen	for Nils Kåre Skoge	FRP
Ørjan Telle	for Kjell Arve Vorland	AP

Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, økonomirådgjevar Øyvind Aasen, fagsjef i pensjon hos AON AS
- Vidar Pedersen, informasjonsleiar Vigleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

Kari-Anne Landro

Marianne Sandahl Bjorøy

Børge Haugetun

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 53/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 54/19	Referatsaker og orienteringar
PS 55/19	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 56/19	Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune - brukarnære tenester, innbyggjartorg og forslag til tenester som kan sentraliserast
PS 57/19	Øygarden Bustadutvikling KF - innspel frå interimstyret til endring av vedtektene
PS 58/19	Forslag til endring av programkomité til styringsgruppe for opningsarrangementet Øygarden 2020
PS 59/19	Folkevaldopplæring - framlegg til program for nytt kommunestyre
PS 60/19	Lovlegkontroll av vedtak - Fellesnemnda 16.09.2019, sak 47/19 Revidert anbudsprosess for forsikra pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune
PS 61/19	Val av leverandør for forsikra pensjonsløyising Nye Øygarden kommune – u.off.

PS 53/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte, 16.09.2019, vart godkjente utan kommentarar.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

PS 54/19 Referatsaker og orienteringar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Det var ingen referatsaker eller orienteringar til møtet i fellesnemnda.

Saka vart teken til orientering.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Saka vert teken til orientering.

PS 55/19 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemmer av fellesnemnda i forkant av møtet, og det vart heller ikkje stilt spørsmål på møtet.

Saka vart teken til orientering.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Saka vert teken til orientering.

PS 56/19 Lokalisering av administrative og tenesteproduserande einingar i Nye Øygarden kommune - brukarnære tenester, innbyggjartorg og forslag til tenester som kan sentraliserast

Innstilling:

1. Fellesnemnda sluttar seg til prosjektrådmannen sitt forslag om at det skal etablerast innbyggjartorg sentralt på Rong, Skogsvåg og Straume.
 - a. Det vert lagt til grunn at innbyggjartorga skal lokaliserast saman med bibliotektenesta i eigna lokale.
 - b. Alle tenester som har karakter av publikumskontakt, skal vera tilgjengeleg i innbyggjartorga. Innbyggjarane skal oppleve «ei dør inn» for informasjon, råd, rettleiing, opplæring, booking av møter osb. til alle relevante tenestemråder i Nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda sluttar seg til at kommunane sin eigde bygningsmasse skal takast i bruk. For å oppnå samhandlings-, effektivitets- og kostnadsgevinstar vil prosjektrådmannen tilrå:
 - a. samlokalisering av større fagmiljø
 - b. at oppgåver som naturleg høyrer saman bør samlast i ein bygning/stad. Andre fagmiljø kan verta plassert i andre bygningar/stader (funksjonsdeling).
3. Fellesnemnda sluttar seg til at funksjonar og tenester som naturleg ligg til rolla som kommunesenter, skal plasserast på Straume. Prosjektrådmannen legg til grunn at
 - a. øvste politiske og administrative leiing er styringsfunksjonar som skal lokaliserast i rådhuset.
 - b. eventuelle plassering av øvrige funksjonar, stab og einingar i rådhus/kommunesenteret, må vurderast i heilskap, vegast mot moglege effektiviseringsgevinstar, robuste fagmiljø, behov for samhandling og tilgjengelege kontorplassar/bygningar.
4. Fellesnemnda sluttar seg til hovudprinsippet om at tenester som er organisert, drifta og tilbydd brukarane i soner i Nye Øygarden kommune, *nyttar kommunedelsentra Skogsvåg (sone Sør) og Rong (sone Nord)* som base/administrasjonssenter. Straume er eigen sone. Av effektiviserings- og kostnadsomsyn, kan avvik frå hovudprinsippet måtta førekoma.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til møtet i partssamansett utval 07.10.19 og innspel fremja av dei hovudtillitsvalde som vedlegg til saka, og informerte om følgjande korrigeringsvedlegg frå dei hovudtillitsvalde; «*Grunna ny informasjon om vurdering kring lokalisering av helsestasjon for ungdom ønskjer vi å stryke dette punktet frå det innleverte vedlegget*».

Under diskusjonen i fellesnemnda gav fleire av medlemene tydeleg uttrykk for at nærtene-prinsippet i intensjonsavtala skal vege tyngt i arbeidet med lokalisering, inkludert føringane om Straume som kommunesenter med kommunedelsenter på Rong og i Skogsvåg med publikumsretta tenester i kommunale servicesenter og brukarretta tenester så nær brukarane som mogleg, med referanse til soneinndelinga i saksframlegget.

Møtet vart heva for pause. Børge Haugetun fremja følgjande forslag, basert på signala om nærtene-prinsippet, som nytt punkt 5:

5. Intensjonsavtalen er fundamentet for lokalisering av tenester i Øygarden kommune. Straume er kommunesenter med tilhøyrande oppgåver. Rong og Skogsskiftet skal som delsentar ha definerte tenestefunksjonar. Nærtene-prinsippet er eit viktig prinsipp og skal i all hovudsak følgjast.
 - Soneinndelinga bør leggjast til kommunesenter og dei definerte delsentara i intensjonsavtalen.

Både tilrådinga punkt 1-4 frå møtet i partssamansett utval, og nytt punkt 5, vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

1. Fellesnemnda sluttar seg til prosjektrådmannen sitt forslag om at det skal etablerast innbyggjartorg sentralt på Rong, Skogsvåg og Straume.
 - a. Det vert lagt til grunn at innbyggjartorga skal lokaliserast saman med bibliotektenesta i eigna lokale.
 - b. Alle tenester som har karakter av publikumskontakt, skal vera tilgjengeleg i innbyggjartorga. Innbyggjarane skal oppleve «ei dør inn» for informasjon, råd, rettleiing, opplæring, booking av møter osb. til alle relevante tenesteområder i Nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda sluttar seg til at kommunane sin eigde bygningsmasse skal takast i bruk. For å oppnå samhandlings-, effektivitets- og kostnadsgevinstar vil prosjektrådmannen tilrå:
 - a. samlokalisering av større fagmiljø
 - b. at oppgåver som naturleg høyrer saman bør samlast i ein bygning/stad. Andre fagmiljø kan verta plassert i andre bygningar/stader (funksjonsdeling).
3. Fellesnemnda sluttar seg til at funksjonar og tenester som naturleg ligg til rolla som kommunesenter, skal plasserast på Straume. Prosjektrådmannen legg til grunn at
 - a. øvste politiske og administrative leiing er styringsfunksjonar som skal lokaliserast i rådhuset.
 - b. eventuelle plassering av øvrige funksjonar, stab og einingar i rådhus/kommunesenteret, må vurderast i heilskap, vegast mot moglege

effektiviseringsgevinstar, robuste fagmiljø, behov for samhandling og tilgjengelege kontorplassar/bygningar.

4. Fellesnemnda sluttar seg til hovudprinsippet om at tenester som er organisert, drifta og tilbydd brukarane i soner i Nye Øygarden kommune, *nyttar kommunedelsentra Skogsvåg (sone Sør) og Rong (sone Nord)* som base/administrasjonssenter. Straume er eigen sone. Av effektiviserings- og kostnadsomsyn, kan avvik frå hovudprinsippet måtta førekoma.
5. Intensjonsavtalen er fundamentet for lokalisering av tenester i Øygarden kommune. Straume er kommunesenter med tilhøyrande oppgåver. Rong og Skogsskiftet skal som delsentar ha definerte tenestefunksjonar. Nærtene-prinsippet er eit viktig prinsipp og skal i all hovudsak følgjast.
 - Soneinndelinga bør leggjast til kommunesenter og dei definerte delsentera i intensjonsavtalen.

PS 57/19 Øygarden Bustadutvikling KF - innspel frå interimstyret til endring av vedtektene

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek at følgjande setning i § 3 første avsnitt i vedtektene for Øygarden Bustadutvikling KF skal lyda:

«Føretaket står også for formidling og drift av utleigebustader som er i Øygarden kommune si eige og leige».

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Kari-Anne Landro, Egil Haaland og Silvia Haugland stilte alle spørsmål til fellesnemnda om å vurdere gildskapen deira, då dei sit som medlemmer / varamedlemmer i interimstyret for Øygarden bustadutvikling KF. Resten av fellesnemnda vurderte Landro, Haaland og Haugland som gilde til å behandle saka sjølv om dei er valt inn i interimstyret, og fellesnemnda var såleis fulltalig ved behandlinga av saka.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Fellesnemnda vedtek at følgjande setning i § 3 første avsnitt i vedtektene for Øygarden Bustadutvikling KF skal lyda:

«Føretaket står også for formidling og drift av utleigebustader som er i Øygarden kommune si eige og leige».

PS 58/19 Forslag til endring av programkomité til styringsgruppe for opningsarrangementet Øygarden 2020

Innstilling:

Fellesnemnda slutter seg til saka slik den ligg føre.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Møteleiar Marianne Sandhal Bjorøy viste til at saka sitt forslag er å endre samansetjinga av programkomiteen til ordførarane i dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden saman med ordførar i Nye Øygarden kommune.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Fellesnemnda slutter seg til saka slik den ligg føre.

PS 59/19 Folkevaldopplæring - framlegg til program for nytt kommunestyre

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner Plan for folkevaldopplæring med følgjande justeringar:

—
—

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Innstillinga vart samrøystes vedteken utan justeringar av planen.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Fellesnemnda godkjenner Plan for folkevaldopplæring slik den ligg i saka.

PS 60/19 Lovlegkontroll av vedtak - Fellesnemnda 16.09.2019, sak 47/19 Revidert anbudsprosess for forsikra pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune

Innstilling:

Saka vert fremja utan innstilling.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til rettsleg vurdering frå advokat Einar Drægebø i Harris Advokatfirma, som konkluderer med at vedtaket i fellesnemnda 16.09.2019 er lovleg og gyldig, og at rådmannen i Fjell har ei tenesteplikt til å gjennomføre dei pålegg som føl av fellesnemnda sitt vedtak. Bjorøy informerte deretter om at saka skal vidaresendast til Fylkesmannen for endeleg vedtak.

Etter ein diskusjon fremja møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy følgjande forslag:

Lovlegkontroll og rettsleg vurdering vert teken til orientering. Lovlegkontroll og rettsleg vurdering vert sendt vidare til Fylkesmannen i Vestland for endeleg vedtak.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Lovlegkontroll og rettsleg vurdering vert teken til orientering. Lovlegkontroll og rettsleg vurdering vert sendt vidare til Fylkesmannen i Vestland for endeleg vedtak.

PS 61/19 Val av leverandør for forsikra pensjonsløysing Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek at KLP vert vald som leverandør av forsikra pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune med verknad frå 1.1.2020
2. Prosjektrådmannen får fullmakt til å inngå kontrakt i samsvar med punkt 1 i vedtaket og i samsvar med anbudsgrunnlaget

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

Møtet vart lukka og strøyminga av møtet slått av grunna sak unnateke offentlegheita etter offentleglova § 23, 3.ledd, fram til val av leverandør er gjort.

Sakspapir unnateke offentlegheita var sendt digitalt gjennom SvarUT til medlemene av utvalet før møtet.

Under behandlinga av saka stilte Tom Georg Indrevik spørsmål ved tidlegare vekting av tildelingskriterier sett opp mot tilbydarane sine tilbod og poengsum; vurdering av priskriteriet i favør Storebrand; kostnad for eigenkapital til KLP. Helena Morland Hansen stilte spørsmål ved tilrådinga i evalueringsrapporten sett opp mot fellesnemnda sitt vedtaksgrunnlag. Fagsjef i pensjon hos AON AS, Vidar Pedersen, var til stades i møtet og svarte på spørsmåla frå medlemene i fellesnemnda. Pedersen trakk særskilt fram at det er ved fastsetjinga av reglar for tildelingskriteria at politikarane må vere tydelege på sine krav i ein anbudsprosess.

Tom Georg Indrevik fremja følgjande protokolltilførsel til saka:

1. Med omsyn til at alle tilsette er sikra same pensjon, uavhengig av leverandør, bør fellesnemnda velje Storebrand som leverandør for forsikra pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune med verknad frå 1.januar 2020. Grunngevnad er Storebrand sitt pristilbod som totalt sett er kr 7 160 000 lågare i avtaleperioden på 4 år.
2. AON si evaluering og vurdering av service / leveranse er basert på skjønn. Rapporten viser at Storebrand har stor erfaring innan private pensjonar noko som også vil kunne vere nyttig i høve til tilsette frå denne sektoren, og i tillegg vil Storebrand byggje opp ein organisasjon i samsvar med kundemassen som dei får innan offentleg sektor.
3. Det bør leggjast fram sak med ny anbuds konkurransen om to år.

Tilrådinga frå møtet i partssamansett utval vart deretter røysta over, og vedteken med 12 røyster. Mindretalet på 5 røyster (2 H, 2 FrP, 1 SL) stemte imot tilrådinga.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 09.10.2019:

1. Fellesnemnda vedtek at KLP vert vald som leverandør av forsikra pensjonsløysing for Nye Øygarden kommune med verknad frå 1.1.2020
2. Prosjektrådmannen får fullmakt til å inngå kontrakt i samsvar med punkt 1 i vedtaket og i samsvar med anbodsgrunnlaget.